



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FE-120
Arkivsaksnr: 19/354	Løpenr: 19/3668
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	28.05.2019	013/2019

Uttale til planprogram for regional plan for vassforvaltning 2022-2027

28.05.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Framlegg frå rådmannen vart samrøyses vedteke.

NAT- 013/2019 Vedtak:

Samnanger kommune har følgjande uttale til høyringa av planprogram for Regional vassforvaltningsplan 2022-2027, med vedleggsdokumenta Hovudutfordringar i vassregion Hordaland og Hovudutfordringar i vassområde Vest:

I arbeidet med å styrkja kunnskapsgrunnlaget meiner me det særleg må leggjast vekt på å gå grundig og kritisk igjennom påverknadane og tilstanden for vassførekomstane som er registrerte i vann-nett. Det er kanskje også behov for å registrera nye påverknadar, både nyleg oppståtte og tidlegare ikkje registrerte. Dette arbeidet må gjerast tidleg i planprosessen.

I vinter fekk kommunane sine administrative kontaktpersonar nokre få veker (20. desember – 15. januar) på seg til å gjennomgå påverknadane for heile lista med vassførekomstar i sin kommune. Me meiner at dette ikkje kan sjåast på som ei fullverdig oppdatering av kunnskapsgrunnlaget, her må det leggjast opp til ein meir skikkeleg gjennomgang med fleire involverte personar. Dette er ein viktig føresetnad for at ein seinare i prosessen skal kunna føreslå riktige tiltak på riktig stad, og for å prioritera rekkjefølgje på tiltaka. Det grunnlaget som i dag ligg i vann-nett er ikkje treffande nok for Samnanger. I gjennomgangen som dei administrative kontaktane gjorde var alle påverknadar av sur nedbør, diffus avrenning fra fiskeoppdrett og rømt fisk/lakselus tekne ut. Det går ikkje klart fram av planmaterialet kva som er bakgrunnen for dette, eller kva som er planen vidare.

I dokumentet om hovudutfordringar i vårt vassområde er skildringane av situasjonen i vassområde Vest og i Samnanger kommune dekkjande, og gjev eit godt grunnlag for å gå vidare med å oppdatera den regionale vassforvaltningsplanen for neste planperiode.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har følgjande uttale til høyringa av planprogram for Regional

vassforvaltningsplan 2022-2027, med vedleggsdokumenta Hovudutfordringar i vassregion Hordaland og Hovudutfordringar i vassområde Vest:

I arbeidet med å styrkja kunnskapsgrunnlaget meiner me det særleg må leggjast vekt på å gå grundig og kritisk igjennom påverknadane og tilstanden for vassførekomstane som er registrerte i vann-nett. Det er kanskje også behov for å registrera nye påverknadar, både nyleg oppståtte og tidlegare ikkje registrerte. Dette arbeidet må gjerast tidleg i planprosessen.

I vinter fekk kommunane sine administrative kontaktpersonar nokre få veker (20. desember – 15. januar) på seg til å gjennomgå påverknadane for heile lista med vassførekomstar i sin kommune. Me meiner at dette ikkje kan sjåast på som ei fullverdig oppdatering av kunnskapsgrunnlaget, her må det leggjast opp til ein meir skikkeleg gjennomgang med fleire involverte personar. Dette er ein viktig føresetnad for at ein seinare i prosessen skal kunna føreslå riktige tiltak på riktig stad, og for å prioritera rekkjefølgje på tiltaka. Det grunnlaget som i dag ligg i vann-nett er ikkje treffande nok for Samnanger. I gjennomgangen som dei administrative kontaktane gjorde var alle påverknadar av sur nedbør, diffus avrenning fra fiskeoppdrett og rømt fisk/lakselus tekne ut. Det går ikkje klart fram av planmaterialet kva som er bakgrunnen for dette, eller kva som er planen vidare.

I dokumentet om hovudutfordringar i vårt vassområde er skildringane av situasjonen i vassområde Vest og i Samnanger kommune dekkjande, og gjev eit godt grunnlag for å gå vidare med å oppdatere den regionale vassforvaltningsplanen for neste planperiode.

Dokument som er vedlagt:

Høyringsdokument - Høyring og offentleg ettersyn av planprogram og hovudutfordringar for 2022 – 2027 og Handlingsprogram for 2019 – 2021
handlingsprogram--hordaland-vassregion--utkast-26.feb-2019
planprogram-hoyringsutgave
vassregion-hordaland-hovedutfordringar-1.4.2019-
hovedutfordringer-i-vannomrade-vest-27.02.19

Dokument som ikkje er vedlagt:

Regional plan for vassforvaltning – Vassregion Hordaland 2016-2021

Kva saka gjeld:

Den heilskaplege og samordna vassforvaltninga i Noreg byggjer på EUs vassdirektiv, som er gjennomført i den norske vassforskrifta frå 2007. Vassdirektivet og vassforskrifta legg til rette for ei ambisiøs vassforvaltning, med målsetningar om berekraftig miljøtilstand i alle vassførekomstar innan fastsette fristar. Heile Europa arbeider etter dei same prinsippa og den same timeplanen. Det gjer det enklare å samarbeide om å ta vare på vatnet i nedbørsfelt som kryssar landegrensene, og det gjer at vi kan lære ved å dele erfaringar og gode døme landa imellom. Det gir òg høve for landa til å setje i gang felles forskning og utvikling.

Regional plan for vassforvaltning for Hordaland vassregion vart godkjent i 2016 og gjeld til utgangen av 2021. Arbeidet er no starta opp med å oppdatere planen for perioden 2022 - 2027. Dette sakspapiret gjeld uttale til følgjande dokument som er på høyring våren 2019:

1. Handlingsprogram 2019-2021 for Regional plan for vassforvaltning 2016-2021 (handlingsprogram til gjeldande plan)
2. Planprogram for Regional plan for vassforvaltning 2022-2027
3. Bakgrunnsdokument: Hovudutfordringar i vassregion Hordaland
4. Bakgrunnsdokument: Hovudutfordringar i vassområde Vest (Askøy, Austevoll, Bergen, Fjell,

Vassforskrifta slår fast at det skal utarbeidast regionale vassforvaltingsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram. Planen skal utarbeidast som ein regional plan i samsvar med plan- og bygningslova (pbl § 8-1) og følgjer utgreiingskrava som er fastlagde i pbl § 4-1 og 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiing (KU). Fylkeskommunen (regional planstyresmakt) vil vere ansvarleg styresmakt for plan- og KU-prosessen og vil samarbeide med dei aktuelle offentlege styresmaktene og organisasjonane i planprosessen. Statlege organ og kommunar har rett og plikt til å delta i planlegginga når ho gjeld deira verkeområde eller deira eigne planar og vedtak (jf. pbl § 8-3).

Hovudmålet med vassforvaltningsplanen er å betre vassmiljøet der det er dårleg og å verne om vassmiljøet slik at det ikkje vert dårlegare. Gjeldande vassforvaltningsplan gjeld for 2016 -2021. Planen skal no oppdaterast og gjelde for 2022 – 2027. Vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland er planlagd slege saman frå 1.1.2020. Ny vassforvaltningsplan for 2022 – 2027 vil gjelde for Vestland vassregion. Vestland fylkeskommune vert vassregionstyresmakt når nye Vestland vassregion trer i kraft. Vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane har av den grunn laga eit felles planprogram for å oppdatere vassforvaltningsplanen for Vestland.

Samtidig med planprogrammet er også dokumenta om hovudutfordringar ute på høyring. Dokumenta inneheld ei oppdatert oversikt over miljøtilstand, påverknader og status for gjennomføring av tiltak og er derfor viktig i prosessen fram mot oppdatert vassforvaltningsplan og tiltaksprogram. Ei felles forståing av kva som er dei viktigaste utfordringane og prioriteringane vil gi eit godt grunnlag for vidare samarbeid om forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet.

VIKTIGE LENKJER:

Vann-nett: <https://www.vann-nett.no/portal/>

Vannportalen: <http://www.vannportalen.no/vannregioner/hordaland/>

Høyringssida til rullering av planen:

<http://www.vannportalen.no/vannregioner/hordaland/plandokument/plandokument---pa-hoyring-i-2019/>

Vurderingar og konsekvensar:

1. Handlingsprogram 2019-2021 for Regional plan for vassforvaltning 2016-2021 (gjeldande plan)

I høve til Plan- og bygningslova § 8-1, skal alle regionale planar ha eit handlingsprogram. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Fylkestinget har òg ansvar for å rullere handlingsprogrammet. **Ved rullering av handlingsprogrammet vert inngåtte avtalar med andre regionale og kommunale aktørar om gjennomføringa av planen, fornya.**

Handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla i planen. Programmet viser kva for oppfølging planen krev og peikar ut ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for å få gjennomført planen. Handlingsprogrammet er avgrensa til sjølv planprosessen for å sikre framdrift og samhandling og inkluderer ikkje tiltak etter det regionale tiltaksprogrammet.

Administrasjonen har ingen merknadar til handlingsprogrammet, då det berre er gjort mindre justeringar i høve til gjeldande program.

2. Planprogram for Regional plan for vassforvaltning 2022-2027

Høyringsforslaget til planprogram skildrar planprosessen, forslag til organisering av arbeidet, kva utgreiingar ein føreslår å gjennomføre og behov for konsekvensutgreiing. Programmet syner forventingar til styresmakter som skal delta, og høvet for andre interessentar til å medverke med kunnskapen sin og synspunkta sine. I planprogrammet kan ein lese meir om korleis prosessen fram mot oppdaterte planar skal gå føre seg, kven som er involverte – og når – og opplegget for

medverknad.

Den regionale vassforvaltningsplanen angir miljømål for alt vatn i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn. I tillegg inneheld planen oversikt over når miljømåla skal vere nådde. Tiltaksprogrammet inneheld oversikt over forslag til tiltak for å beskytte vassmiljøet og for å nå miljømåla i vassregionen. Miljømål og forslag til tiltak er hovudinnhaldet i oppdateringa som no skal gjennomførast.

Organisering

Organiseringa av arbeidet er skildra i kapittel 6. Her omtaler ein Vassregionutval, Arbeidsutval, Regional referansegruppe, **Vassområde**, Vassregionstyresmakt, Vassregionutval, Referansegrupper, Administrative samarbeidsgrupper, Vassområdeforum, Vassområda og Nettverk for leiarane av vassregionutvala. Me i kommunen forhold oss stort sett berre til arbeidet innanfor **Vassområde Vest**.

Verknadane av vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet

At det ligg føre vedtekne og godkjende regionale vassforvaltningsplanar, betyr først og fremst:

- at planane skal leggjast til grunn for offentleg planlegging og verksemd i regionen
- at det som hovudregel ikkje skal bli gitt løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som fører til at miljømålet ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir verre
- at føreslegne tiltak skal følgjast opp og gjennomførast slik at fastsette miljømål kan nåast innan den fristen som er sett i planen

Ansvar for å følgje opp vassforskrifta er lagt til ulike sektorstyresmakter. Det inneber at forvaltningsplanar og tiltaksprogram skal følgjast opp sektorvis og med dei eksisterande verkemidla til sektorane. Sektorstyresmaktene har ikkje berre ansvar for å følgje opp miljømål og tiltak, dei må òg sørge for informasjon og kunnskap som er viktig for arbeidet med å oppdatere planar og tiltaksprogram.

Den godkjende regionale planen vil inngå i grunnlaget for saksbehandlinga til sektorstyresmaktene. I denne saksbehandlinga vil det bli gjort ytterlegare avklaringar og konkrete vurderingar av fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka før det blir teke ei endeleg avgjerd om tiltaksgjennomføring. Her vil det òg bli lagt vekt på andre omsyn enn det som er gjort i planane. Sektorstyresmaktene har derfor tilgang til å fatte vedtak som ikkje er i samsvar med planen.

Deltaking og medverknad

Tabellen nedanfor oppsummerer planen for deltaking og medverknad:

Aktivitet	Tidsperiode	Medverknadsaktivitetar
Høyring av - planprogram - hovudutfordringar	1. april 2019–30. juni 2019	- Høyringsmøte vår 2019
Høyringa blir summert opp, og planprogram + hovudutfordringar blir ferdigstilte.	30. juni 2019–31. desember 2019	- Møte i vassområda og i vassregionutvalet og bilateralt etter behov
Utarbeide forslag til høyringsdokument: - forslag til oppdatert vassforvaltingsplan - forslag til oppdatert tiltaksprogram	Hausten 2019 –1. oktober 2020	- Innhente innspel frå sektorstyresmaktene - Møte i vassområda - Møte i vassregionutvalet og bilateralt - møte i regional referansegruppe eller ev. temamøte - ev. scenariokonferanse vinter/ vår 2020
Høyring av - forslag til oppdatert vassforvaltingsplan - forslag til oppdatert tiltaksprogram	1. oktober 2020–31. desember 2020	- Høyringsmøte
Høyringa blir summert opp, og endringar blir føreslegne. Vedtak i fylkesting.	1. januar 2021–30. juni 2021	- Møte i vassområda og i vassregionutvalet og bilateralt etter behov - Møte i fylkestinget
Oversending til departementet for godkjenning	1. juli 2021	- Direktoratet får delegert frå departementa å førebu godkjenninga og komme med si tilråding.

Tema og utgreiingar fram mot oppdatert vassforvaltingsplan

I tillegg til å følgje opp miljømåla frå forvaltingsplanen for 2016–2021 og gjennomføre tiltak frå tiltaksprogrammet skal ein no undersøkje korleis det står til med vatnet etter at den regionale vassforvaltingsplanen med tilhøyrande tiltaksprogram har fått verke sidan 2016. Ein skal òg gjennomføre nødvendige vurderingar som grunnlag for konsekvensutgreiing. Dei viktigaste temaa er:

- Styrkje kunnskapsgrunnlaget
- Oppdatere miljømål, unntak og tiltak
- Kostnadsoverslag og nytteskildring
- Klimaendringar, klimatilpassing og flaum
- Drikkevatt og badevatt
- Plastureining

Spørsmål som vassregionen særleg ønskjer svar på i høyringa:

- Er det tydeleg når og korleis ulike styresmakter skal delta i planlegginga?
- Er det tydeleg når og korleis ulike interessentar kan medverke i arbeidet fram mot revidert og oppdatert forvaltingsplan og tiltaksprogram?
- Korleis bør vi organisere arbeidet i Vestland vassregion?
- Er det behov for å justere grensene for vassområda?
- Er det tema eller utgreiingar som manglar i planprogrammet?
- Har de forslag til forbetringar i planprogrammet?
- Er det manglar i det føreslegne programmet for utgreiing av konsekvensar for

miljø og samfunn?

- Har de innspel om konkrete tiltak som bør vurderast og utgreiast, og eventuelle prioriteringar i det vidare planarbeidet?
- Er det ønskjeleg med regionale planføresegner knytt til vassforvaltingsplanen

(pbl. § 8-5)?

Administrasjonen finn det relevant for Samnanger kommune å senda ein uttale med svar på det nest siste spørsmålet, og då med særleg vekt på kva prioriteringar som må gjerast i det vidare planarbeidet.

I arbeidet med å styrkja kunnskapsgrunnlaget meiner me det særleg må leggjast vekt på å gå grundig og kritisk igjennom påverknadane som er registrerte i vann-nett, og i kva grad dei faktisk utgjer ein risiko for vassførekomsten. Det er kanskje også behov for å registrera nye påverknadar, både nyleg oppståtte og tidlegare ikkje registrerte. Dette arbeidet må gjerast tidleg i planprosessen.

I vinter fekk kommunane sine administrative kontaktpersonar nokre få veker (20. desember – 15. januar) på seg til å gjennomgå påverknadane for heile lista med vassførekomstar i sin kommune. Me meiner at dette ikkje kan sjåast på som ei fullverdig oppdatering av kunnskapsgrunnlaget, her må det leggjast opp til ein meir skikkeleg gjennomgang med fleire involverte personar. Dette er ein viktig føresetnad for at ein seinare i prosessen skal kunna føreslå riktige tiltak på riktig stad, og for å prioritera rekkjefølgje på tiltaka. Det grunnlaget som i dag ligg i vann-nett er ikkje treffande nok for Samnanger. I gjennomgangen som dei administrative kontaktane gjorde var alle påverknadar av sur nedbør, diffus avrenning fra fiskeoppdrett og rømt fisk/lakselus tekne ut. Det går ikkje klart fram av planmaterialet kva som er bakgrunnen for dette, eller kva som er planen vidare.

3. og 4. Hovudutfordringar i vassregion Hordaland og Hovudutfordringar i vassområde Vest

Desse to dokumenta oppsummerer og skildrar generelle trekk i Hordaland og i vår region; vassområde Vest. Dokumentet om Hordaland har administrasjonen ingen kommentarar til.

I dokumentet Hovudutfordringar i vassområde Vest er det gjeve følgjande skildring av Samnanger:

Mange av vannforekomstene i Samnanger er klassifiserte med svært begrenset datagrunnlag, basert på større og mindre grad av lokalkunnskap. Det har i denne planperioden blitt hentet inn en del data, men det er behov for data om flere vannforekomster. Det er også behov for en kritisk gjennomgang av alle påvirkninger, samt eventuell supplering av påvirkninger.

Hovedutfordringene til Samnanger er handtering av avløpsvann og landbruk. I tillegg er mange vannforekomster påvirket av større og mindre vannkraftreguleringer, og en del er påvirket av sur nedbør. Rensing av kommunalt avløpsvann skjer i slamavskillere med utløp til Samnangerfjorden. Indre Samnangerfjord er registrert med moderat økologisk status, men det foreligger få eller ingen målinger. En del av det kommunale avløpsnett er av eldre dato, og har noe lekkasjeproblematikk. Boliger og fritidsboliger som ikke ligg i den tetttest befolkede sonen innerst i Samnangerfjorden, har separate avløpsanlegg av ulik alder og med varierende renseeffekt. Slike anlegg har utslepp til terreng, bekker, elver, vann og fjord. I Eikedalen pågår det et arbeid med sanering av spredt avløp fra hyttefeltene i området. Kloakk skal etter planen overføres til renselanlegg i Kvam kommune.

Landbruket i kommunen er relativt beskjedent, men dyrket mark er ofte næreste nabo til vannforekomster. Mange vannforekomster har registrert landbruk som påvirkningsfaktor, men med manglende datagrunnlag er det vanskelig å slå fast i hvilken grad landbruket faktisk påvirker vannkvaliteten. En gjennomgang sammen med landbrukskontoret vil kunne peke ut aktuelle områder for vannprøver.

Denne skildringa er (i nynorsk språkdrakt) skriven av Samnanger kommune sin administrative

kontaktperson, og gjev eit bilete på kvar me må leggja ned innsats i neste planperiode.

Etter administrasjonen sitt syn er skildringane av situasjonen i vassområde Vest og i Samnanger kommune dekkjande, og gjev eit godt grunnlag for å gå vidare med å oppdatera den regionale vassforvaltningsplanen for neste planperiode.